

Uttalelse frå 4H Rogaland fylkesstyret på årsmøtet 2021

## Ikkje ta frå oss hurtigbåten

I budsjettforslaget til fleirtalspartia i Rogaland fylkesting for dei kommande tre åra er eit av forslaga å kutte ned på midlane til drift av hurtigbåt-tilbodet i Rogaland. Det vil seie at hurtigbåt-rutene mellom Stavanger og Sauda, og elles i indre Ryfylket reduserast og etter kvart blir fjerna frå fjorden og ruteheftet.

Hurtigbåten er ikkje berre viktig for pendlarane og hyttefolket i Ryfylke. Hurtigbåten er også viktig for oss barn og unge i heila Rogaland. Vi i 4H Rogaland har jobba lenge med å få heile fylket samla, og medlemmane i alle ender av fylket skal få det same tilbodet hos oss. Rogaland blir delt i to med Boknafjorden og Ryfylket som skilje mellom nord og sør. I 4H stopper det ikkje oss. Vi knyter vennsksbands på tvers av fjorden.

Hurtigbåten blir flittig brukt av 4H'arar som skal på kurs og leirar. Enten om det er medlemmar frå Ryfylket som skal til sør, eller medlemmar frå sør som skal til Ryfylket, for å lære nye ting og møte nye og gamle venner. Hurtigbåten blir også brukt av enkelte medlemmar som skal besøkje venner. For oss barn og ungdommar er det å ha gode venner ein viktig ting i livet.

Me under 18 år har ikkje bilsertifikatet og kan ikkje køyre for å besøkje vennene våre, me er avhengige av båten. Så ver så snill, la oss behalde båten, og vennene våre.

